



Bygg Prosjekt As
Fantoftvegen 16
5072 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4545 - 18/20480

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
25.06.2018

Mellombels bruksløyve utomhusplan Felt 6 - gbnr 134/471 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 329/18

Tiltakshavar: Alversund Utvikling AS

Ansvarleg søkjar: Bygg Prosjekt As

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at utomhusarealet har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Følgjande arbeid står att:

1. Rette høyde og asfaltere Parkering P6
2. Rette asfaltering ved bolig 38-40
3. Fast dekke på PS 5
4. Gangvei mellom garasje P7 og bolig 35
5. Tilstelning av grøntareal, legge jord langs kanter

Mellombels bruksløyve gjeld heile feltet med unntak av FG 17 ved bustad 44-46 og evt FGV 12.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.18

Det vert elles vist til søknad motteken 19.06.18.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring



Adresse:	
Bygningstiltak:	Utomhusareal for delar av Felt 6

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for utomhusareal for Felt 6 på gbnr gbnr 134/471// på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Heile feltet unnateke FG 17 og FGV 12.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.12.18.
3. Ved søknad om ferdigattest ber vi om at det sendast inn as-built teikning for utomhusarealet.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4545

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alversund Utvikling AS

Fagernes 4

5043

BERGEN

Mottakarar:

Mottakarar:

Bygg Prosjekt As

Bygg Prosjekt As

Fantoftvegen 16 5072

Fantoftvegen 16 5072

BERGEN

BERGEN